



Eksamensoppgåve

JUS4121 - Rettsøkonomi

Vår 2024

Dato: 11.04.2024

Tid: 4 t.

Eksamen omfattar 2 oppgåver som kvar tel 50 %.

- Oppgåve 1 omfattar 6 delspørsmål frå a til f.
- Oppgåve 2 omfattar 6 delspørsmål frå a til f.

Oppgåve 1

Skipsfarten internt i EU har store utslepp av klimagassar. Den enkelte skipsreieren kan redusere utsleppa, t. d. gjennom å redusere farten på skipa, modernisere framdriftsmaskineriet, installere hybriddrift, gå over til ammoniakk som drivstoff m.m. Tiltaka har større kostnader i den forstand at for kvart tonn utslepp som blir redusert, kostar det meir å redusere utsleppa med ytterlegare eitt tonn.

- Teikn to grafar for høvesvis dei totale kostnadane og dei marginale kostnadane ved utsleppsreduksjonar i kvart sitt diagram med utslepp på X-aksen og kostnader på Y-aksen. Kva er skilnaden på totale og marginale reinsekostnader? Kva er tolkinga av punktet der grafane kryssar X-aksen? Kan det tenkjast at ingen av grafane kryssar Y-aksen? Grunnge svaret.
- Dei totale miljøkostnadane ved utslepp er tilnærma lik 1000 Nok ganger utsleppet målt i tonn CO₂-ekvivalentar. Teikn grafar for dei totale miljøkostnadane og dei marginale miljøkostnadane inn i diagramma over. Gjer greie for ei mogleg tolking av at kurva for marginale miljøkostnader er horisontal for kostnad = 1000. Kva kjenneteiknar den samfunnsøkonomisk effektive mengda utslepp? Kvifor er det ikkje samfunnsøkonomisk effektivt å kutte utsleppa til null? Grunnge svaret.
- Styresmaktene vurderte å innføre ein utsleppsstandard for skipsfarten, dvs. at alle typar fartøy ville måtte halde seg til ei maksimal lovleg mengd klimagassar pr. køyrde konteinarmil eller passasjermil. Styresmaktene kjenner ikkje skipsfarten sin marginale reinsekostnadsfunksjon, dvs. at denne kan vera bratt eller slak (med same utgangspunkt på X-aksen). Men styresmaktene kjenner den marginale miljøkostnaden. Forklar kvifor det i dette tilfellet er betre å setja ei miljøavgift på utsleppa frå skipsfarten, uavhengig av fartøyklasse.



- d. Styresmaktene enda opp med å inkludere skipsfarten i det europeiske kvotehandelssystemet (EU ETS). Om du tek utgangspunkt i dei marginale reinsekostnadane til skipsfarten, kva blir utsleppsreduksjonane for ein gjeven kvotepris? Gå ut frå at skipsfarten vil få utdelt gratiskvotar tilsvarande ein viss del av dei historiske utsleppa. Forklar kvifor reiarane føretrekkjer dette framfor ei miljøavgift, sjølv om miljøavgifta blir sett på same nivå som kvoteprisen.
- e. Produksjon av elektrisk kraft er òg med i EU ETS. Deira marginale reinsekostnadar er lågare enn skipsfarten sine marginale reinsekostnadar. Illustrer i eit diagram kvifor det er samfunnsøkonomisk effektivt å lata dei to sektorane handle utsleppskvotar med kvarandre, i staden for å krevja at kvar sektor skal kutte utsleppa med 40 prosent utan høve til handel.
- f. Nokon meiner at det å dele ut gratiskvotar vil gje større utslepp frå skipsfarten enn om skipsfarten måtte kjøpe alle kvotane på auksjon. Den totale kvotemengda i EU ETS vil vera den same i begge tilfella, men har dei rett? Ta utgangspunkt i at rederia opprettheld retten til å få gratiskvotar sjølv om dei legg ned drifta, og grunngje svaret.

Oppgåve 2

Ein lakseoppdrettar har fleire merder plasserte i ein fjord på Vestlandet. Ein gong imellom skjer det uhell slik at oppdrettslaks rømmer. Rømt oppdrettslaks påverkar produktiviteten i ei nærliggjande lakseelv negativt og medfører tap for eigarane av fiskerettane i elva. Gå ut frå at ei rømming medfører eit tap på 100 for eigarane av fiskerettane i elva. Dersom lakseoppdrettaren ikkje gjer noko, er sannsynet for rømming 50 %. Lakseoppdrettaren kan derimot redusere rømmingsfaren heilt ned til 5 % ved ulike tiltak. Men tiltaka er kostbare for oppdrettaren, og det å redusere rømmingsfaren heilt ned til 5 % vil koste meir enn samla profitt i selskapet, som er 40 per periode.

- a. Gå ut frå at oppdrettaren har objektivt ansvar for eventuelle skadar på villaksstamma i den nærliggjande elva. Denne gjennomfører då tiltak slik at sannsynet for rømming blir 15 %. Korleis ser grafen for oppdrettaren sine kostnadar for aktsemd ut? Illustrer i eit diagram med forventade skadekostnadar, kostnadar for aktsemd og totale kostnadar.
- b. I staden for objektivt ansvar set staten ein culpa-norm som tilsvarar eit sannsyn på 25 % for rømming. Kva for grad av aktsemd vel oppdrettaren no? Grunngje svaret.
- c. Med utgangspunkt i Coase-teorema; Diskuter om det er sannsynleg at eigarane av fiskerettar i lakseelva og oppdrettarane kjem til eit anna resultat enn i oppgåve b når det gjeld valet av graden for aktsemd.



- d. Styresmaktene meiner at det er ein reell fare for at villaksstamma skal døy ut, noko som vil medføre kostnadar for samfunnet langt utover tapa til eigarane av fiskerettar i naboelva. Dei ynskjer difor å frede den aktuelle fjorden, noko som medfører at lisensane til oppdrettaren blir inndregne. Oppdrettaren har i så fall rett til erstatning. Gjer greie for korleis erstatningssummen bør reknast ut.
- e. Etter at det vart kjent at styresmaktene vurderte freding, gjorde oppdrettaren ei større investering i eit nytt kaianlegg. Oppdrettaren ynskjer at dette blir refundert fullt ut, sidan anlegget ikkje kan brukast på nokon annan måte. Diskuter om det er rimeleg at oppdrettaren får ei slik erstatning i tillegg til summen som er gjort greie for i oppgave d. Bruk gjerne teorien om erstatning for den perfekte oppfyllingsinteressa.
- f. Styresmaktene har gjennomført ein nytte-kostnadsanalyse av freding. Sei kort kva som er innhaldet i ein slik analyse. Analysen viser at freding bør gjennomførast ut fra Kaldor-Hicks-kriteriet. Kva seier dette kriteriet? Kunne bruk av Michelmann-kriteriet ha gjeve ein annan konklusjon?

Oslo, vår 2024

Morten Nadim

Fagleg eksamensleiar